

# KRINSTING NBF SOGN OG FJORDANE

Førde hotell

**Søndag 7. mai 2006**

## **Sak 1: Godkjenning av representantane sine fullmakter**

Til stades frå klubbane:

Balestrand	2 rep
Førde	3 rep
Gulen og Masfjord	1 rep
Høyanger	1 rep
Sogndal	1 rep
Stryn	1 rep

Krinsstyret: Jonill Storøy, Kai Lille-Homb, Ole Johnny Grøneng, Haldor Sunde

## **Sak 2: Val av ordstyrar og skrivar**

Ordstyrar: Kai Lille-Homb -samrøystes

Skrivar: Haldor Sunde -samrøystes

## **Sak 3: Godkjenning av innkalling og sakliste**

- samrøystes godkjend

## **Sak 4: Val av 2 representantar til å skrive under møteprotokoll**

Jonill Storøy - samrøystes

Øystein Vasset - samrøystes

## **Sak 5: Årsmelding**

Årsmeldinga for 2004 og 2005 samrøystes godkjend med følgande tillegg:

Under resultat vert teke med kretsen sine plasseringar i NM monrad lag. Ellers vert teke med at to klubbar i kretsen (Førde BK og Balestrand BK) har motteke rekrutteringsmidlar i perioden. Under eigenlutar skal i tillegg oppførast 1 klokke og 1 papirkuttar.

Samrøystes vedtak om ansvarsfritak for styret.

## **Sak 6: Rekneskap**

Rekneskapen for 2004 og 2005 samrøystes godkjend. Samrøystes vedtak om ansvarsfritak for styret.

## **Sak 7: Framlegg frå krinssstyret om å redusere talet på par i KM-finalen frå 56 til 36**

Samrøystes vedtak om at KM-finalen for par blir spelt med 36 par.

## **Sak 8: Framlegg frå historieutvalet om eit jubileumsarrangement i samband med at**

### **krinsen fyller 60 år i 2006**

Det var gjort fylgjande samrøystes vedtak:

Krinstringet går inn for at det blir eit arrangement. Det nye styret bestemmer tidspunkt og stad. Kr 10 000,- blir sett av til feiringa av jubileet.

Krinstringet kjem med fylgjande råd:

- Turneringa blir lagt til slutten av november på ei ledig helg.
- Ha forskjellige turneringar kvar dag. Ein av dagane: KM singel.
- Lyse ut arrangementet. Er det ein klubb som er interessert i å arrangere denne turneringa med hjelp frå kringen?

## **Sak 9: Budsjet 2006- 2007**

Framlagt budsjett vart samrøystes vedteke med fylgjande endringar:

- 2 Startkontingent KM-par vert redusert frå 70 000,- til 60 000,- i 2006 og redusert frå 70 000,- til 65 000,- i 2007
- 3 Premiering KM/FM vert redusert frå 35 000,- til 30 000,- både i 2006 og 2007.

Det vart peika på posten 21 Tilskot rekrutteringstiltak som er på 8 000 for begge åra, og som har vore det også for åra 2004 og 2005 utan at nesten noko er blitt brukt. Ein muleg måte å bruke pengar på denne posten er å subsidiere startkontingenten i C-pulja for KM-lag.

## **Sak10: Val**

Det skal ikkje veljast utval og nemnder. Desse skal peikast ut av krinssstyret.

Valnemnda har vore Asbjørn Feten, Arve Bjørn Røneid og Kåre Aasebø

**Framlegget frå valnemnda:**

<b>Leiar:</b>	<b>Sjur Arne Bøe</b>	<b>-samrøystes vald</b>
<b>Kasserar:</b>	<b>Kai Lille-Homb</b>	<b>-samrøystes vald</b>
<b>Organisator:</b>	<b>Njål Kjørvik</b>	<b>-samrøystes vald</b>
<b>Sekretær:</b>	<b>Helge Sæterdal</b>	<b>-samrøystes vald</b>
<b>Turneringsansv.:</b>	<b>Åsbjørn Hegrenes</b>	<b>-samrøystes vald</b>
<b>Rekrutteringskont.:</b>	<b>Audun Skogen</b>	<b>-samrøystes vald</b>
<b>Revisor:</b>	<b>Tor Henning Mardal</b>	
<b>Valnemnd:</b>	<b>Ole Johnny Grøneng, Egil Hagen og Haldor Sunde</b>	

Valnemnda hadde ikkje framlegg om varamedlemmer til styret. Det vart på krinstinget gjort framlegg om at **Jan Sæbø og Arnstein Menes** vert varamedlemmer, og dei vart **samrøystes valde**.

Haldor Sunde

Jonill Storøy

Øystein Vasset

- sign -

- sign -

- sign -